17. mai tale frå ordførar Geir Inge Lien

Gratulerer med dagen alle saman!

Me feirar i dag vår nasjonaldag i på ein heilt annan måte enn kva me tradisjonelt gjer, ung som gammal.

I år er det 75 år sidan krigen slutta. Dette skulle sjølvsagt vore markert med ein stor fest no i dag, i kjend stil, med 17. mai-tog, leikar, skodespel og is og kaker på forsamlingshus i by og bygd.

Men som me alle veit, kan me ikkje det, og det vert i år ein heilt annan måte å feire nasjonaldagen vår på.

No har alle verdas land fått ein annan fiende, ein felles fiende, eit virus som heiter sars-CoV-2, og som må nedkjempast. Dette har ført til strenge restriksjonar i vårt land, verkemiddel som ikkje har vore tekne i bruk sidan 2. verdskrigen. Me har måtta stengd skular, barnehagar, institusjonar for besøkande og så vidare. Ja, det har nok sett ein støkk i oss alle. Då er det kjekt å sjå at tiltaka har verka, at me no ser at nasjonen har kontroll på situasjonen, og at regjering og Storting gradvis legg opp til ei opning av samfunnet igjen, og me kan få ein meir normal kvardag.

Det blir spennande å sjå kor me går som samfunn etter COVID 19. I Vestnes er me gode på å løfte i lag. Dei frivillige held liv i idrettslag, helselag, ungdomslag og ikkje minst 17. mai-komiteen, som kvart år legg ned eit stort arbeid, og som i år har måtta tenkt annleis. Eg er sikker på at utfordringa som er gitt til 17. mai-komiteane gjev oss alle ei god oppleving av nasjonaldagsfeiringa. Og at me heller ikkje denne gongen let noko komme i vegen for å markere nasjonaldagen vår.

Perioden som ordførar har vore minnerik for meg på mange måtar, ikkje minst med Grunnlovsfeiringa i 2014, der me feira 200-årsjubileet. I Vestnes vart den markert på ulikt vis. Eit av dei arrangementa eg huskar best er markeringa ved bautaen på frigjeringsdagen 8. mai, i lag med krigsveteranar som har kjempa for verdiane i Grunnlova. Feiringa nådde sitt høgdepunkt i fjor på 17. mai, der fleire feira jubileet på ulike arrangement rundt om i kommunen

Krigsåra viste oss kor viktig samhald er for levande bygder. Me har halde dugnadsånda i live og ser i dag kor viktig den er for utvikling og for å skape samhald. Den rivande utviklinga me har sett i etterkrigsåra hadde ikkje vore mulig utan den innsatsen våre forferde la ned. Landet skulle byggast opp att, og me fann etterkvart det svarte gullet, som sette skikkelig fart på nasjonen. Det moderne Norge vaks fram i eit tempo ein i verda aldri har sett maken til.

Me står i dag midt oppe i ei ny, rivande utvikling: dataalderen. Det har me verkeleg fått bruk for i den siste tida. Me har alle måtta tenke nytt. Møta har gått på Skype eller Teams. Undervisninga har gått bra på grunn av at me har bygd ut fiber og kjøpt inn materiale som har gjort det mogleg å drive heimeundervisning. Me har alle lært å benytte oss av den

moglegheita dataalderen har gitt oss i denne perioden. Dei gamle på institusjonane har fått sett sine næraste på nettbrett, og kunna prata med dei der. Ja, me reiser mindre, me møtast fysisk mindre.

Me kan, på ein dag som denne, reflektere over kvar me kjem i frå, men og nytte anledninga til å sjå framover. Faren med eit så teknologisk samfunn som me har i dag, er at me mister nærheita til familie og venar. Dagar som i dag, der bygdelag tradisjonelt kjem saman i ei felles feiring og markering av nasjonaldagen, er med på å styrke samhaldet blant familie, venner og kjente.

Noreg er og ein del av eit større globalt fellesskap. Me høyrer til i eit levande lokalsamfunn og eit utfordrande globalt eit. Me må alle prøve å gi vårt bidrag for å gjere dette til ein betre plass å bu.

Situasjonen er no meir usikker, og me har mange oppgåver som skal løysast i åra framover. Me treng alle med på laget. Me lever i ei global verd, der me alle er avhengige av kvarandre. Alle har noko å gi, og alle har ein verdi.

Uansett kvar Vestnes og Noreg går, må me ta vare på eit inkluderande og omsorgsfullt samfunn. Eit samfunn der ein legg vekt på både å yte og gi, men og ta hand om dei som treng ei utstrakt hand.

I dag må nasjonen Noreg på ny definerast. Samfunnet har gjennomgått store endringar dei siste 70 åra, med framveksten av ein rikdom som dei under krigen knapt kunne drøyme om. For 150 år sidan reiste nordmenn frå fattigdom her heime over havet for å finne lukka i framande land. Utferdstrongen ligg i oss som folk, heilt tilbake til vikingtida. Me har alltid sett bortanfor havet, mot det som gøymer seg bak ein disig horisont. Eventyrlyst har alltid budd i oss.

Dei siste 70 åra har mest vore som eit eventyr. Men som Askeladden og fann ut: me kjem oss ingen vei utan dei gode hjelparane våre. Me må dra lasset i lag, alle i hop. Gjer me det, kan me få både halve kongeriket, og om me er heldige, kongsdottera med.

Framleis er bunadar og høge fjell symbol på noko ur-norsk. Sjølv om vårt samfunn er svært forandra frå det eidsvollsmennene kjente, ville dei nok ha vore stolte av at me framleis set desse sentrale verdiane; friheit, likheit og brorskap, svært høgt.

Gratulerer med dagen!